



Idrettslaget Høyang

Postboks 244, 6991 HØYANGER

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I IDRETTSLAGET HØYANG 2018

Tid/Stad

Fredag 29. mars 2019 – Øren Hotel kl. 19.00

Kasserar Vidar Skår ønska alle velkomen.

Saksliste:

1. Godkjenning av dei som har stemmerett
2. Godkjenning av innkalling og saksliste
3. Val av dirigent, referent og to medlemmar til å skrive under protokollen
4. Handsaming av årsmelding 2018 frå hovudstyret og gruppene
5. Handsaming av rekneskapen 2018 frå hovudstyret og gruppene
6. Budsjett 2019 for hovudstyret
7. Medlemskontingent 2020
8. Handsaming av innkomne saker
9. Val av repr. til Høyanger Idrettsråd
10. Val etter vedtektene
11. Val av ny valkomité

1) Godkjenning av dei som har stemmerett

Alle frammøtte vart godkjend.

2) Godkjenning av innkalling og saksliste

Møteinnkalling og saksliste vart godkjend. Merknad: var annonsert seint og i for få media.

3) Val av møteleiar og skrivar

Dirigent: Helge Øyehaug

Referent: Hilde Johanne Bjørkhaug

Desse vart vald til å skrive under protokollen:

Marius Lillehauge og Svein Olav Aardal

4) Årsmelding 2018 frå hovudstyret og gruppene.

Det vart satt av tid for årsmøte til å lese gjennom årsmeldingane. Deretter gjekk dirigenten gjennom årsmeldinga til hovudstyret og gruppene, side for side. Leiar/representantar frå gruppene, som var til stades, fekk moglegheit til svare på merknader/spørsmål frå årsmøte undervegs. Alle årsmeldingane vart godkjende med desse merknadane:

- Innebandy. Ynskje om nye styremedlemmar skal ikkje stå i årsmeldinga.
- Fotballgruppa. Miniputt gutar 09. Lagleiar Vibeke Svedal. Miniputt G09 skal vere G08.
- Klatregruppa. Manglande årsmelding.



Idrettslaget Høyang

Postboks 244, 6991 HØYANGER

5) Rekneskap 2018 frå hovudstyret og gruppene

Det vart satt av tid for årsmøte til å sjå gjennom rekneskapa. Alle gruppene sine rekneskap er revidert og funnen i orden av revisor. Vidar Skår tok hovudpunkta i hovudstyret sitt rekneskap. Idrettslaget har ein sunn økonomi tross i underskot i perioden.

Dirigenten gjekk gjennom gruppene sine rekneskap side for side og årsmøte kunne kome med spørsmål og kommentar undervegs. Alle rekneskap vart godkjend.

Merknad: Ynskje om at midlane frå hovudstyret må fordelast etter tal utøvarar i gruppene.

6) Budsjett 2019

Kasserar Vidar Skår gjekk gjennom hovudpostane. Budsjettet skal ikkje godkjennast, men skal berre vere ei orientering til årsmøte, og ei retningslinje for styret for koreleis ein skal nytte pengane i 2019.

7) Medlemskontingent

Årsmøtet vedtok desse satsane:

Barn (t.o.m. 19 år) kr. 150,-

Aktive over 20 år kr. 300,-

Familiemedlemsskap kr. 400,-

Støttemedlem kr. 150,-

8) Innkomne saker

Ingen innkomne saker.

9) Val av IL Høyang sin representant i Høyanger Idrettsråd

Idrettslaget Høyang har pr.idag eit medlem i idrettsrådet. Men vi kan ha ein representant til. Reidar Grønli er vald som representant til og med 2020. Hovudstyret innstiller ein representant i tillegg til Reidar.

10) Val

Valnemda har bestått av Ingrid Sviggum Håre, Petter Sortland og Helge Øyehaug. Valet er gjort etter forskriftene og Sortland losa årsmøte gjennom valet ved å lese opp dei som stod på attval og dei som var nye i verva.

Fotballgruppa manglar ein styremedlem. Styret får mandat til å finne ein representant.

11) Valnemd:

Helge Øyehaug går ut av valnemnda. Ingrid Sviggum Håre og Petter Sortland tek attval for eit nytt år.

Styret har ikkje funne nokon ny representant.

Årsmøtet vart avslutta med at Reidar Grønli takka for seg og eit minutt stillheit for medlemmar som har gått bort i løpet av 2018.



Idrettslaget Høyang

Postboks 244, 6991 HØYANGER

Høyanger 02.04.19

Svein Olav Aardal

Svein Olav Aardal

Marius Lillehaug

Marius Lillehaug

